



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Eirik Kolbjørnshus
Vestsidevegen 93
2943 Rogne

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/8914

Arkiv:

45/10, L42

Vår dato:

28.07.2026

Saksnr.	Utval
209/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
187/26	Kommunestyret

45/10 - Tillatelse til tiltak - Riving av pelsdyrsfarm

Tiltak: Riving av pelsdyrsfarm
Byggjestad: Gbnr: 45/10
Tiltakshavar: Eirik Kolbjørnshus
Vestsidevegen 93
2943 Rogne

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-4 jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak riving av pelsdyrfarm på gnr. 45, bnr. 10, Vestsidevegen 93, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Rivingsløyve gir ikkje løyve for igangsetting av større byggearbeid. Dette må skje etter eigen behandling.
3. Ved funn av kulturminne i grunn skal arbeidet straks avsluttast og kulturminnemyndigheitene varslast.
4. Eirik Kolbjørnshus vert registrert som ansvarleg for tiltaket.
5. Arbeidet skal avsluttast med søknad om ferdigattest. Det skal i denne søknaden fylgje med kvitteringslister for levert avfall.

Saksopplysningar

Eirik Kolbjørnshus sendte inn søknad om tiltak utan ansvarsrett.

Søknaden beskriv ynskje om riving av 3 bygg på eigedom gnr. 45, bnr. 10.

Eigedomen har arealformål LNRF, og er eit etablert gardsbruk.

Bygga som er ynskja reven i søknaden, har vore i bruk i samband med tidlegare drift av pelsdyrfarm på garden. Denne verksemda på garden er no avslutta og det er slik sett ikkje lenger behov for desse bygga.

Det fylgjer berekna avfallsplan med søknaden.

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Vurdering

Tiltaket er i tråd med tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningsloven § 20-4 b) alminnelege driftsbygningar i landbruket. Denne opnar for at tiltak med landbruksbygg kan utførast utan ansvarsrett i størrelse inntil 1000m² BYA (bebygd areal).

Berekningane i kartet syner at dei 3 bygga som er berekna rivne har eit samla areal på om lag 987 m². Dette er òg berekna etter bygga sin takflate, så faktisk bebygd areal er nok noko mindre en dette talet. Vilkår for at bygga kan rivast som tiltak utan ansvarsrett er oppfylte.

Tiltaket er ikkje nabovarsla, men med gardens plassering, og avstand til naboteigar, vurderer vi at ingen naboar vert direkte råka av tiltaket.

Vi legg som vilkår at alt avfall skal leverast til godkjent mottak, og at kvitteringslister for levering skal fylgje søknad om ferdigattest når arbeidet er avslutta.

Det er føreteke ei DOK-analyse av området bygga står på, og det er her ikkje treff av betyding for gjennomføring av tiltaket.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 01.07.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.